

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 22.02.2024**

<b>Dok. ref.:</b>		<b>Møtedato/ Tid:</b>	22.02.24 18:00
<b>Stad:</b>	Kolltveit skule	<b>Møtenr.:</b>	1/2024
<b>Referent:</b>	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
<b>Til stades:</b>	Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Anne Haugro, Anne-Lise Hjartåker, Vilde Indrevik, Stine Guleng Lie, Sara Helene Tøsse		
<b>Forfall:</b>	Kristina Onstad Sangolt,		

**SAKSLISTE**

<b>Tema</b>	<b>Saker</b>	<b>Oppfølg.</b>
<b>Faste saker</b>		
<b>Saker frå skulen</b>	<p><b>Deltaking på energimessa.</b> Rektor informerte om at Kolltveit skule skal delta på energimessa for første gong. Energimessa går føre seg på Sartor Storsenter 13. og 14. mars og Kolltveit skal delta med eit prosjekt på 7. trinn som omhandlar berekraft og energi. Elevane held på med prosjektet og skulen har inngått eit samarbeid med Solcellekraft i samband med prosjektet.</p> <p><b>Kringsrensejustering.</b> Rektor informerte om at kommunestyret har vedteke ei kringrensejustering som inneber at elevar frå Blommen-område som tidlegare har høyrte til Knappskog skule frå neste skuleår skal gå på Kolltveit skule.</p> <p><b>Ferdigstilling av ombyggingsprosjektet og behov for vedlikehald:</b> Det står enno at litt arbeid før ombyggingsprosjektet er heilt ferdigstilt. De skal skiftast nokre vindauge mot aust i hovudbygget og ei dør til personalinngong. Dette vert truleg gjort i vinterferien. I tillegg manglar det nokre brannsikringstiltak i kjellar i gymbygget før vi kan ta desse romma i bruk slik me ynskjer. Rektor ha fått informasjon om at det skal gjerast arbeid på el-tavla i tilfluktsrommet, men det er uklart når dette skal gjerast.</p> <p>Rektor informerte om at det framleis er eit stort behov for ytre vedlikehald på skulen og at situasjonen ber preg av gamal bygningsmasse. Berre sidan jul har vi hatt fleire tilfelle av vasslekkasje på skulen som krev mykje ressursar i form av mellombelse tiltak før situasjonen vert utbetra. Vi slit med at det tek lang tid frå vi melder inn saker til det vert teke tak i.</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p>

	<p><b>Mobilforbod i skulen:</b> Det er kome nye sentrale retningsliner for mobilbruk i skulen, noko rektor informerte om og ynskjer innspel om frå SU om korleis vi skal handtere. Mobilbruk er ikkje noko stort problem på skulen i dag og reglane er a elevane skal ha mobilen avslått i sekken. Men brot på reglane har førekome. Eit tiltak kan vere at skulen går til innkjøp av mobilhotell for oppbevaring av telefonane i skuletida. Rektor vil be elevrådet, tilsetteorganisasjonane og foreldre om å drøfte saka og gje innspel før vi gjer avgjerd i saka.</p> <p><b>Utebod.</b> Skulen treng sårt ei bod for oppbevaring av uteleiker og har tidlegare fått signal om at Fau kan dekke kostnaden til innkjøp av bod. Rektor har teke saka opp med abeidsleiar for drift som har formidla at kommunen har brukt Trigger som kan levere ferdig bod til skulen. Fau-representantane vil heller bygge bod på skuleområde. Rektor er usikker på reglar og rutinar som gjeld for slike tiltak, og vil sjekke opp med eigedomsavdelinga om dette let seg gjere.</p>	<p>Rektor Elevråd FAU</p> <p>Fau</p> <p>Rektor</p>
<p><b>Saker frå FAU</b></p>	<p><b>Kantine.</b> Foreldra etterlyser Kantine etter at saka vert drøfta i haust og rektor opna opp for elevkantine på skulen. Rektor formidla at kantinetiltak må innebere eit samarbeid mellom skule og Fau der Fau kan stå for innkjøp og skulen for organisering/gjennomføring. SU ynskjer at elevrådet vert involvert i førebuing og gjennomføring av kantine.</p> <p><b>Sikringsskap i Fau-boden.</b> Fau-leiar tok opp ei utfordring med eit sikringsskap som er plassert innerst i Fau-boden. Skal tilgong til skapet ivaretakast? Fau ber skulen om ei vurdering. Rektor melder saka til drift.</p> <p><b>Trafikken over Bildøy.</b> Foreldre er bekymra for trafikksituasjonen på Bildøy. Vidare om arbeidet i Bildøybakken får innverknad for skulevegen til elevane. I tillegg har det vore problem med at bussen frå Ekerhovd og Lie sit fast i køen, noko som har medført at elevar har kome for seint på skulen. Rektor informerte om at entreprenør har formidla til skulen at arbeidet pr. no ikkje får innverknad på skulevegen til elevane. Dersom det skjer endringar vil skulen få beskjed. Rektor vil likevel forsøke å få til eit møte med entreprenør om situasjonen.</p> <p><b>Basketkorg på uteområde.</b> Fau ynskjer å gi skulen ei basketkorg som elevane kan nytte på uteområde. Dette er noko vi treng og set pris på at Fau vil kjøpe inn. Den må vere solid og vi må bli eining om plassering, noko vi kjem tilbake til utpå våren.</p> <p><b>Møte i Fau 7. mars.</b> Fau-leiar spurte om tilgang på rom i samband med møte på kveldstid. Rektor informerte om at skulebygga no er strukturert slik at bruk etter kl. 17 krev adgangskort for deaktivering av</p>	<p>Rektor Elevrådet FAU</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Fau-leiar</p> <p>Fau</p>

